

2023/2024

FÔRING AV SAU GJENNOM ÅRET

- MED VÅRT UNIKE FÔRSORTIMENT

MÅLET MED SAUEOPPDRETTET

Med denne brosjyren ønsker vi å gje ein kort oversikt over sauefôring gjennom året og ein presentasjon av Fiskå Mølle sitt førsortiment til sau. Vi håpar den kan vere til nytte og inspirasjon!

Norsk sauehald vert drive på mange ulike vis. Flokkane varierer i størrelse, og spekteret av rasar er stort. Ein del sauebønder driv ekstensivt, med heilårs utedrift på hardføre rasar, medan andre driv intensivt med fullt fokus på mest mogleg kjøt produsert per vinterfôra såye. Likevel har vi ei oppfatning av at dei fleste kan stille seg bak nokre punkt som kan definerast som målet for sauehaldet i Norge:

HØGAST MOGLEK KJØTPRODUKSJON PER SØYE:

- Vel 2 lam i snitt per såye
- Kort innefôringstid etter lamming (2 veker) då dette reduserer kraftfôrbehovet
- God tilvekst om våren for å kunne oppnå hovudmålet med eit godt sauehald:
 - Kjøtfulle, slaktemodne lam direkte frå sommarbeite
- Godt avlsmateriale, god dyrehelse, godt fôr og godt «management» er ein føresetnad for å lykkast



VINTERFÖRING AV DREKTIGE SØYER

Grovfôrtilgangen og -kvaliteten dannar grunnlaget for vinterfôringa av sau med omsyn til tal søyer og førstyrken i rasjonane.

Om du har rikeleg med grovfôr av god kvalitet er det fullt mogleg å føre kun grovfôr til vaksne søyer i normalt godt hold fram til ca. 6-8 veker før lamming. Påsettłamma bør få noko kraftfôr gjennom heile vinteren, og gimrane og vaksne søyer i dårleg hold bør også få ekstra kraftfôr. For å sikre friske og livskraftige lam er det imidlertid avgjerande at søylene får god mineral- og vitamindekning gjennom heile drektigheita.

Sjølv om holdjustering av søylene helst bør skje før paring er det likevel mogleg å gjøre tiltak også i drektigkeitstida. Men noter at for sterke føring like etter paring kan verke negativt på utviklinga av morkaka, noko som aukar faren for svake og daudfødde lam. I siste trimester vil fostertilveksten bli prioritert framom å legge ekstra hold, så sterke føring i den siste perioden kan gje utfordringar med for store foster og dermed vanskelege fødslar og tap av lam. Det er derfor tilrådd å føre ekstra hold i andre trimester av drektigheita.

For å oppnå eitt poeng ekstra på holdvurderinga må søya avleire ca. 10 kg feitt. Om dette skal gjerast med ekstra kraftfôr svarer det til 0,8 kg per dag i ca. to månader.

Etter forsterteljing er det viktig å sortere søylene etter alder, tal foster og hold, og tilpasse føringa deretter. Det er lettast å holdvurdere like etter klipping.

Ca. 6-8 veker før lamming bør ein begynne oppfôringa av dei søylene som har mange foster. Overgang til mjølkekraftfôr bør skje 2-4 veker før lamming.

Fôrplanen i tabell 1 er basert på «middels surfôrkvalitet» og kan gje ein peikepinn på kva mengder kraftfôr ein bør gje til dei ulike gruppene av sauер.



For sterke føring like etter paring kan verke negativt på utviklinga av morkaka, noko som aukar faren for svake og daudfødde lam. Det er derfor tilrådd å føre ekstra hold i andre trimester av drektigheita.



Periode	1-åring (påsettlam)		2 åring (gimmer)			Vaksne		
	1 foster	2 og 3 foster	1 foster	2 foster	3 eller fl. foster	1 foster	2 foster	3 eller fl. foster
Frå foster- teljing	0-0,2 kg	0,5 kg	0,3 kg	0,3 kg	0,3 kg	-	0,3 kg	0,3 kg
Siste 6 veker før lamm.	Gradvis auke til 0,5 kg	0,5 kg. Ved 3: 0,7-0,8 kg	Gradvis auke til 0,5 kg	Gradvis auke til 0,9 kg	Gradvis auke til 1,2 kg	Gradvis auke til 0,3 kg	Gradvis auke til 0,9 kg	Gradvis auke til 1,2 kg

Tabell 1. Forslag til fôrplan for unge og eldre søyter etter fosterteljing på middels surfôrkvalitet. Holdige søyter kan få inntil 3 hekto mindre kraftfôr i første perioden, medan magre søyter kan få inntil 3 hekto meir.




70 % av fostertilveksten skjer dei siste 6 vekene av drektigheita. I denne tida tilrår vi å trappe opp kraftførstyrken slik tabell 1 viser.

Når fostera no blir større så pressar dei på vomma så den får mindre volum, og grovfôropptaket blir redusert. Derfor bør ein skifte til det beste surføret frå no av, og gje dette heilt til ein slepp soyene ut på vårbeite etter lamming. Dermed aukar fostertilveksten, og ein sparer kraftfôr.

ÅRHJULET FOR SAU

KRAFTFØR OG TILSKUDDSFØR GJENNOM ÅRET



KRAFTFÔR OVERSIKT:

Sau/Lam Appetitt

- «all-round» til alle dyr
- smakelig og fiberrik
- perfekt i kraftfôrautomat

Saugefôr Drektig

- ekstra vitamin og mineral
- organisk selen og masse E-vitamin
- 3-5 hekto dekker behovet

Lam Beite

- svært fiberrikt fôr gir gode magar på beite
- perfekt i kraftfôrautomat

TILSKUDDSFÔR OVERSIKT:

Toplick Sau

- Slikkebøtte med breispektra innhold av vitamin og mineral

Saltslikkestein

- Vilorock Salt - 100 % salt, perfekt på innefôring
- Vilorock Multi - 97 % salt, samt mikromineral. Perfekt på beite.

*) MJØLKEKRAFTFÔR TIL LAMMINGA:

Saugefôr

- normal høgt AAT-innhald tilpassa lakterande søyer
- aktuell dersom innefôring etter lamming overstig 3 veker

TopLac® Sau Fiber

- gir betre vommiljø
- basert på 75 % TopLac Sau og 25 % Roetopp
- også aktuell dersom innefôring etter lamming overstig 3 veker

TopLac® Sau

- gir auka mjølkeyting
- perfekt ved store kull og kort innefôringsperiode etter lamming

KRAFTFÔR

I DREKTIGHEITSPERIODEN

Fiskå Mølle tilbyr to ulike kraftfôrtypar til bruk i perioden frå paring og utover vinteren:

Sauefôr Drektig

Inneheld ekstra mineral og vitamin tilpassa drektige søyner. For dei som gir alle søyene litt kraftfôr gjennom heile vinteren vil dette vere det naturlege kraftfôrvalet, då behovet for alle mineral og vitamin vert dekka ved 3-5 hekto per dag, avhengig av dyrestørrelsen. Særs høgt innhald av E-vitamin og selen gjer andre tilskotsfôr overflødige.

Dei siste 4-6 vekene før lamming bør ein gradvis trappe ned Sauefôr Drektig og heller auke på med det kraftfôret ein skal bruke i lammetida.

Sau/Lam Appetitt

Vårt klassiske og unike «all-round» kraftfôr for valfri fôrstyrke kombinert med surfôr av middels kvalitet. Kombinerer høgt innhald av fordøyelenge fibrar og råprotein slik at magane blir gode. Aktuell også ved grovfôrmangel. Kraftfôret tilbydast heile året.

Sau/Lam Appetitt
er vår klart største
kraftfôrsort til sau.



KRAFTFÔR

TI SØYENE I LAMMEPERIODEN

Vi tilrår som hovudregel å skifte til det kraftfôret du skal ha i lamminga 4 veker før lamming.

Saugefôr

Klassisk kraftfôr til lamminga ved middels surfôrkvalitet med normalt høgt AAT-innhald tilpassa lakterande søger. Gir god mjølkeyting kombinert med gode magar og godt opptak av kraftfôr. Høgt innhald av E-vitamin innfrir behovet etter lamming.

Tilbydast frå ca. 1. februar og fram til beiteslepp.

TopLac® Sau Fiber


Ventar du fleire trilling- og firlingsøyer og har behov å gje store kraftfôrrasjonar per mål, eller har behov for meir fiber i rasjonen, tilrår vi TopLac® Sau Fiber i lamminga. Kraftfôret sikrar høg mjølkeproduksjon trass fibermangel, og er skånsam for vomma trass høge kraftfôrrasjonar. AAT-innhaldet normalt høgt og er tilpassa lakterande søger. TopLac® Sau Fiber er basert på 75 % TopLac® Sau og 25 % Roetopp. Svært god smaklegheit. PBV tilpassa middels til tidleg hausta surfôr.

Tilbydast frå ca. 15. februar og fram til beiteslepp.

TopLac® Sau

Ekstremt koncentrert kraftfôr (AAT og FEm) for ekstra høg mjølkeyting og lammetilvekst. Gir ekstra holdmobilisering og mjølkeyting. Perfekt til holdige sauvar der innefôringstida er kun 1-3 veker etter lamming. Nøytral PBV tilpassa middels surfôrkvalitet. Tilbydast frå ca. 1. mars og fram til beiteslepp.

TopLac Sau er så mjølkedrivande at ein bør starte tilvenjinga til kraftfôret først 2 veker før lamming.




*Vi tilrår som hovudregel
å skifte til det kraftfôret
du skal ha i lamminga
4 veker før lamming.*

DOSERING AV KRAFTFÔR ETTER LAMMING

Jo høgare lammetal, jo meir energi og protein treng søya for å produsere nok mjølk slik at alle lamma får god tilvekst. Ein må derfor oftast auke mengda kraftfôr etter lamming, samt fortsette å bruke det beste surfôret då. Tal fôringar per dag bør aukast. Unngå meir enn 4 hekto per mål. Jo betre grovfôrkvalitet, jo mindre kraftfôr treng ein å gje.

Noter at søyar i godt hold har ein unik evne til å mobilisere av holdet (primært kroppsfeitt, samt noko muskelmasse) etter lamming. Holdet blir då brukt til mjølkeproduksjon, og lamma veks dermed meir enn kva førrasjonen til søya elles skulle tilseie. Søya blir altså lettare og lettare dag for dag. Ekstra AAT-rikt kraftfôr simulerer denne evna veldig (TopLac Sau). Slikt spesialkraftfôr krev at søyane er holdige, og at innefôringsperioden før beiteslepp ikkje er overstig 3 veker. Dette fordi søya kan bli for mager på tampen. Blir det ein sein vår, eller du har tidleg paring (tidleg lamming), er det betre å bruke kraftfôr med «normalt» høgt AAT-innhald tilpassa lakterande søyar.

Sjå forslag til fôrplan i figur 1.



Figur 1. Fôrplanen i figur 1 er basert på middels surfôr (0,87 FEm per kg TS), og med god gjæringskvalitet. Ved endå høgare lammetal bør ein streve etter endå høgare tildeling. Tal fôringar per dag må då aukast. Merk at ulik fôrstyrke med kraftfôr gir ulike lammetilvekst.

Bruk det beste surfôret i lammetida.

STRATEGI VED HØGE LAMMETAL

KAN UTVALDE SØYER GÅ MED MEIR ENN TO LAM GJENNOM SOMMAREN?

Lammetalet har auka ein del dei siste tiåra, og mange opplever at påsættlamma får trillingar, og at vaksne får fire eller fleire lam. Dette har ført til at mange sauebønder også driv med kopplamproduksjon i større aller mindre skala. I ein periode var dette ganske grei butikk, men dei siste åra har økonomien vore därlegare då marknaden ikkje har vore villig til å betale ekstra for lam som kunne slaktast i mai/juni. Det er difor behov for å tenke alternativt. Kva må til for at søya toler å gå med fleire lam om sommaren?

Fosterteljing tidleg i drektigheita er viktig for å vite kven som venter 3 eller fleire lam. Sjå deretter på korleis desse søyene har produsert tidlegare år, kva mjølkeegenskapar som ligg i stamtavla, og bestem allereie no kva for søyene som kan vere aktuelle for å gå med fleire lam. Då kan ein tilpassa føringa i drektigheita for å bygge rett hold på søya før all ekstra næring går i fostertilvekst. Ei søye i godt hold vil vere betre rusta til høg mjøkeproduksjon. Eit energi- og proteinrikt kraftfôr i lamminga (TopLac Sau Fiber eller TopLac Sau) gjer søya i stand til å mjølke særskilt godt frå første dag, og gjer det mogleg å auke energitildeling raskt etter lamming.

Dersom alle tre lamma er jamstore ligg alt til rette for at søya kan fostre opp alle lamma. Støttefôring til lamma med tilpassa lammekraftfôr (sjå neste side) i lammegøyme allereie frå første leveveke vil bidra til raskare vomutvikling, betre tilvekst, og ikkje minst mindre press på juret på søya.

Første månaden etter beiteslepp anbefaler vi å la trillingsøyene gå på eige beite med kraftfôrautomat til lamma. Nokre kilo kraftfôr per lam om våren er ei god forsikring mot å måtte bruke mange kilo per lam om hausten for å få lamma slaktemodne.



KRAFTFÔR

TIL LAM

Målet med lammeoppdrettet er eit livskraftig lam som veks og trivast godt enten som kopplam eller som diande lam, og som er sjukdomsfri gjennom alle fasar i oppdrettet. God tilvekst om våren aukar sjansane for å få store og sunne slaktelam som kan slaktast når prisløypa er på det beste. Og for livlamma oppnår ein store og fruktbare påsettlam. Kort sagt høgast mogleg kjøtproduksjon per påsett søye per år.

Sau/Lam Appetitt

Dette er vår klassikar til bruk i kraftfôrautomat til appetittfôring av kopplam på alminneleg vår- og sommarbeite. Og ikkje minst til appetittfôring av lam som ikkje er slaktemodne ved sinking. Kombinerer høgt innhald av fordøyelege fibrar og råprotein slik at magane blir gode, og tilveksten høgast mogleg. Fôret er mineralisert slik at det forebygger mot urinstein.

Dette fôret er eit «all-round» fôr til alle dyr, og tilbydast heile året.

Lam Beite

Vårt mest fiberrike kraftfôr til lam. Fôret er spesielt tilpassa raigras og ung beitegras som er fiberfattig og sukkerrikt og som derfor gir lause magar. Aktuelt til både kopplam og til sluttfôring av lam som ikkje er slaktemodne ved sinking.

PRODUKSJON AV KOPPLAM

Langt frå alle søyene er i stand til å fostre opp alle lamma dei føder, og det er vanskeleg å unngå at det blir nokre kopplam. Lag ein god, trekkfri binge med mykje tørt og reint strø. Hugs at det ofta blir fleire kopplam enn du tenker i starten, så ver sikker på at du har plass nok til alle. Ei «nyføddavdeling» for tilvenning og ei «ungdomsavdeling» for dei eldste er å anbefale.

Det kan vere vanskeleg å vite kva lam ein skal ta til kopplam, men to punkt er viktige å merke seg:

- Lamma som går med søya bør vere så jamstore som mogleg
- Eit stort lam vil vere betre rusta til å klare seg godt i kopplambingen, og vil vere tidlegare klart for fråvenjing av mjølk

Det er avgjerande viktig at også dei lamma som skal bli kopplam får rikeleg med råmjølk like etter fødsel. Råmjølka inneheld viktige antistoff som beskyttar lammet mot infeksjonar og sjukdom. Tilvenning til flaske eller automat går vanlegvis lettare jo tidlegare etter fødsel det skjer. Etter kvart som det vert fleire lam i kopplambingen lærer dei av kvarandre, og tilvenninga til pulvermjølka går lettare og lettare.



Det er avgjerande viktig at også dei lamma som skal bli kopplam får rikeleg med råmjølk like etter fødsel.



Med dagens betaling for lammeslakt vel dei fleste å gje lamma mjølk til dei er mellom 15 og 18 kilo levande vekt, for deretter å gå over til kraftfôr og beite. Ein kan då forvente at det går ca. 12-14 kilo mjølkepulver per lam. Sjå forklaring og blandingsforhold om Denkamilk Lammedrikk annan stad i brosjyren. Lamma drikk mjølk til dei har fått den tørrstoffmengda dei treng per dag. For låg dosering av pulver vil derfor gje for høgt opptak av væske, og dette aukar faren for diaré. Avvenning frå mjølk bør skje over nokre få dagar der lamma får avgrensa tilgang på mjølk, og ikkje svakare dosering av pulver. Husk at kopplamma skal ha tilgang på friskt vatn heilt frå første dag.

Dersom kopplamma får tilgang på kraftfôr i automat på beite vil dei fleste vere slaktemodne i slutten av juli (Nord-Norge: august).

Hugs å vaksinere lamma mot pulpanyre minimum to veker før beiteslepp etter mjølkeperioden. Om søya er vaksinert mot pulpanyre vil det også gje lamma immunitet mot dette dei første vekene. Om mogleg bør kopplamma gå på eit «reint beite» der det ikkje allereie har vore sauvar tidlegare same året. Uansett vil parasittbehandling vere like viktig for kopplamma som for lamma som går medøyene.

VITAMIN OG MINERALNÆRING TIL SAU

Dersom drektige søyer ikke får kraftføret Saugefôr Drektig i 3-5 hekto per dag er det avgjerende viktig å gje ekstra tilskot av vitamin og mineral utenom. Andre vanlege sauekraftfôr i vårt sortiment i desse mengdene gir for lite mineral og vitamin utover i sesongen. Lam på appetittfôring av kraftfôr treng ikke mineralnæring i tillegg.

Premium Drektig Sau, 25 kg

Dette pulveret har ei breispektra vitamin- og mineralisering spesielt tilpassa drektige søyer. Om du allereie har holdige sauер, eller tidleg hausta grovfôr i store mengder og derfor vil minimere kraftfôrbruken, så vil Premium Drektig Sau dosert med 30-50 gram per dyr per dag dekke alle stofflege behov heilt fram til lamming. Svært høgt innhold av E-vitamin og kobolt, og inneholder både organisk og uorganisk selen. Prisen (2023) for dagsrasjonen er 50 til 90 øre per sau per dag, og er det alternativet som kostar minst.

Strøast på surfôret eller gjevast i automat.

Toplick Sau, 20 kg

Mineralbøtte som kan brukast både inne og på beite. Breispektra vitamin- og mineralisering som gir eit godt tilskot både til drektige søyer så vel til sau i vekst og til vedlikehald. Toplick Sau kan setjast inn i bingane, ogøyene vil då styre opptaket etter behov. Tilby alltid saltslikkestein og rikeleg med godt vatn ved sidan av slik at opptaket av Toplick Sau ikke blir unødig høgt grunna saltmangel.

SALTSLIKKESTEINAR

Vilorock Salt, 10 kg

100 % rent salt. Til alle dyr, perfekt på innefôring i kombinasjon med kraftfôr og tilskotsfôr.

Vilorock Multi, 10 kg

97 % salt, samt kalsium, selen, kopar, jod, sink og mangan.

Til alle dyr. Perfekt på sauebeite i områder der koparforgifting normalt sett ikke opptrer.



MJØLKEERSTATNING

TIL LAM

Denkamilk Lammedrikk

Vår premium mjølkeerstatning til lam og kje. Gir erfaringsmessig høg tilvekst og problemfri føring. Inneheld høg del norsk mysepulver. Denkamilk Lammedrikk har eit høgt innhald av råprotein og råfett (høvesvis 22 % og 22 %).

TILRÅDD DOSERING AV PULVER

(tabell A og B gir same konsentrasjon i ferdig drikke):

A) per liter mjølk

Tilvekst	Pulver, g	Vatn, liter	Mengde mjølk, liter
Normal	175	0,825	1
Høg	200	0,8	1
Ekstra høg	225	0,775	1

B) per liter vatn

Tilvekst	Vatn, liter	Pulver, g	Mengde mjølk, liter
Normal	1	212	1 212
Høg	1	250	1 250
Ekstra høg	1	290	1 290

Høgaste dosering gir høgast tilvekst. Start med lågaste dosering og prøv deg fram (gradvis) til kva som er optimal konsentrasjon i ditt oppdrett. Dersom diaré oppstår, så **auk** konsentrasjonen 10-20 %.

Leverandør av kraftfôr og fagkompetanse

I Fiskå Mølle jobbar vi alltid med å forenkle din kvar dag som bonde. Vi har kvalitet i fokus og sørger for stabile blandingar over tid, samt gode råvarer. Fiskå sin fagekspertise står til rådvelde til einkvar tid når du treng råd om kraftfôr eller andre deler ved dyrehaldet.

Produksjef drøvtyggarfôr

Fiskå Mølle: Kjell-Rune Vik
98 26 12 70
kjell-rune.vik@fiska.no

Fiskå Mølle

Leif Malvin Eggebø
98 26 12 61
leif.malvin@fiska.no

Fiskå Mølle Etne

53 77 13 77

Fiskå Mølle Trøndelag

73 85 90 60

Fiskå Mølle Flisa

62 95 54 44

Fiskå Mølle Råde

69 28 05 30

Fiskå Mølle Løten

62 50 89 89

Østmøllene

63 85 46 60

Du finn din lokale rådgjevar på www.fiska.no